



Etter at Randi Nybakk selde lodd på SPAR tidlegare i dag, overtok Magnhild Haugland. Her i godt selskap med sonen Karsten André og Spar-dame Kjersti N. Børve

OPPDATERT.

Styret for ungdomslagshytta FJELLY er godt i gang med loddsalget til sikkerhetslotteriet som vert trekt på SIKKERHETSDAGEN 9. mai. Dessverre er påmeldinga til dette gode gratistilbodet klart mindre enn venta. Derfor er påmeldingsfristen utsett. Det vert understreka at arrangementet er for heile familien, borna også.

Styret har sendt ut følgjande melding:

Påmeldinga til **Sikkerhetsdagen i Aktivitetshuset lørdag 9.mai** har ikkje vore av den grad vi håpa på. I den forbindelse har vi fått utsatt fristen til mandag 4. mai kl. 12. Dersom det då framleis er få påmeldte, vil arrangementet gå ut.

Benytt deg av denne gratismuligheten for å få livsviktig kunnskap, som vi håpar du aldri får bruk for.

Styret i Fjelly

Meir info om det gode tilbudet finn de ved [å klikka her.](#)

Nett og foto: Thor Inge Døssland.